

# Rapport: Meir plantekost gir større import av mat

Omlegging til eit meir plantebasert kosthald vil gi større import, lågare sjølvforsyning og meir sårbar matforsyning, ifølgje rapport.

63 prosent av kaloriinntaket til nordmenn blir dekt av plantekost og 37 prosent kjem frå animalske varer som mjølk, kjøtt, egg og fisk. Den fordelinga er nær uendra sidan 50-talet. Ei større omlegging i retning meir plantekost og mindre animalske varer vil gi meir import av mat og lågare sjølvforsyning.

Det kjem fram av rapporten «Skal norsk husdyrproduksjon erstattes av importerte varer?» laga av AgriAnalyse og finansiert av Norsk Landbrukssamvirke.

Prosjektleiar og forfattar av rapporten, Martin H. Inderhaug, seier vurderinga av eit berekraftig kosthald også bør ta med at kosthaldet får følgjer for i kva grad maten er importert eller laga av lokale ressursar.

- Spørsmålet i tittelen er sett litt på spissen. Mange har fått med seg debatten om å ete mindre kjøtt og meir vegetabilsk, men færre tenker nok over at det i mange samanhengar betyr meir import av mat. Viss ein skal redusere husdyrproduksjonen betydeleg, så er det viktig å vere klar over konsekvensane det har i form av redusert sjølvforsyning og auka matimport, seier Inderhaug.

Lite rom for plantevekst

Over halvparten av maten vi et her i landet er importert, men sjølvforsyningsgraden varierer stort mellom ulike matvaregrupper.

Medan 94 prosent av maten basert på animalske råvarer er norsk produsert, eller 76 prosent om ein korrigerer for fôrimport, så er berre 23 prosent av den vegetabilske maten norskprodusert.

To tredelar av alt vi et av korn, grønsaker, frukt og poteter er importert i dag, ifølgje rapporten. På andre vegetabilske varer er importdelen endå større. Importen vil ifølgje Inderhaug auke ytterlegare om ein skal redusere kjøttforbruket betydeleg.

- Det meste av proteinet vi treng får vi frå animalske varer. Kutter vi ned på dei, så vil det bli vanskeleg å få nok protein frå norske varer. Areal og klima set grenser for kor mykje planteprotein vi kan dyrke her i landet. I tillegg set tollvernet ytterlegare avgrensingar, seier Inderhaug.

Potensialet for å auke produksjonen av proteinvekstar her i landet er ifølgje Inderhaug rekna til 11 prosent om ein optimaliserer arealbruken, men det vil dels kunne gå ut over kornproduksjonen. Det vil heller ikkje vere nok til å dekke ein stor reduksjon av animalsk protein.

- 11 prosent auke er teoretisk eller agronomisk mogleg om ein set alle klutar i sving, men i praksis er det ikkje så lett, seier han.

Mesteparten av proteina er frå korn som går til dyrefôr. For at meir skal kunne etast direkte seier Inderhaug at ein

anten må redusere kvalitetskrav eller så må ein ete meir graut, velling og flatbrød.

- Mykje av kornet har dårleg bakekvalitet. Vi kan ete meir graut, velling og flatbrød, men då må folk ville det, seier han.

Svakt tollvern

Resten av vekstpotensialet på norsk planteprotein er knytt til proteinrike vekstar som åkerbønner og erter, men der er det både lite jordgrunnlag, dårlege vekstvilkår og svakt tollvern.

- Vi har makssatsar på toll som vi er forplikta av gjennom WTO-avtalen og som det er vanskeleg å endre på med mindre vi trekk oss ut av WTO. Alt av tørka belgvekstar som erter, bønner, linser pluss nøtter og planteolje er i praksis tollfrie til humant konsum og det er låg toll generelt på plantevekstar utanom til fôr, seier Inderhaug.

Han viser til at det berre er toll på varer som ein før pleidde å dyrke her i landet. Ei omlegging til andre typar vekstar, om det skulle bli klimatisk mogleg å dyrke ein del av dei her, er derfor vanskeleg av økonomiske grunnar.

- Tollvernet avgrensar også kva plantevekstar vi kan dyrke lønsamt her i landet, seier han.

Dernest er det også eit spørsmål om volumet i dyrkinga av proteinvekstar ville kunne bli stort nok til at ein får bygd opp ein industri og infrastruktur rundt produksjonen.

- I Sverige, som har betre føresetnad for å dyrke den type vekstar, er det store utfordringar med å industrialisere ei verdikjede som kan ta hand om avlingane, seier Inderhaug.

Poteter er det derimot gode føresetnader for å kunne dyrke meir av her i landet. Inderhaug seier produksjonen kunne vore både seks og sju gonger større enn i dag, men det er lite protein i poteter.

- Ein kan ikkje kutt ut kjøtt og berre ete poteter, seier han.

Kan ramme fattige

Ved ei vridning av kostholdet mot mindre kjøtt, så vil vegetabilske varer med høgt feitt- og proteininnhald ifølgje rapporten vere det realistiske alternativet.

«De sentrale alternativene til kjøtt og melk fra norske husdyr, er hovedsakelig belgvekster, nøtter og planteoljer. Dette er varer som ikke er realistisk å få en betydelig produksjonsøkning av i Norge, og da må man legge til grunn at en vridning fra animalsk til vegetabilsk mat i kostholdet som vil føre til økt importbehov», står det i rapporten.

Kina og India er blant landa med størst produksjon av belgvekstar, men dei er likevel netto importørar av fleire kulturar. Fleire afrikanske land har også stor produksjon og liten eksport. Afrika er venta å stå for to tredelar av folkeveksten dei neste 30 åra.

Ved ein stor vekst i etterspørselen etter belgvekstar, nøtter og planteoljer kan prisen gå opp, noko som kan ramme innbyggjarar i fleire fattige land.

«Det er nærliggende å anta at økt etterspørsel fra rikere land i nord for belgvekster og nøtter produsert i fattigere land i sør, også kan føre til høyere priser, og på den måten gjøre matvarer som er ment for egen befolkning mindre tilgjengelige for lokalbefolkningene», skriv Inderhaug i rapporten.

- Kan konsekvensen av kjøttkutt bli at fattige mister tilgang til mat?

- Belgvekstar er viktig for matforsyninga i Afrika og Asia. Ein prisoppgang kan gjere det vanskelegare for lokalbefolkninga å få tak i mat, seier Inderhaug.

- Sårbart og lite berekraftig

Storstilt dyrking av ein del nøtter og proteinvekstar krev stor tilgang til ferskvatn. Mykje av den eksportretta dyrkinga skjer i område som er sårbare for klimaendringar og har overforbruk av vatn.

Inderhaug seier at reduksjon i husdyrproduksjonen og meir import også kan gjere matforsyninga her i landet meir sårbar.

- Ja, matforsyninga kan bli meir sårbar. I normale år bør det gå greitt. Norge er eit rikt land, men vi ser tendensar til ustabilitet både politisk og økonomisk. I tillegg kan klimaendringane verke inn. Å belage seg på meir import frå område der ein ikkje veit sikkert kva framtida vil bringe inneber ein risiko, seier Inderhaug.

«Å belage seg på meir import frå område der ein ikkje veit sikkert kva framtida vil bringe inneber ein risiko»

Martin Haaskjold Inderhaug, prosjektleiar i AgriAnalyse FN gjennom FAO har oppfordra alle land til i størst mogleg grad å ta ansvar for å sikre eigen matproduksjon. I rapporten blir det også trekt fram at den norske husdyrproduksjonen er fleksibel i krisetider og i større grad kan ta i bruk dei store beiteressursane i utmarka.

Konsekvensane av ei storstilt omlegging av kosthaldet vekk frå husdyrprodukt vil ifølgje Inderhaug vere eit mindre berekraftig kosthald.

- Når ein snakkar om berekraft, så må ein sjå det store bilete og ta med alle faktorar. Ikkje minst fellesgoda som er knytt til aktiv jordbruksproduksjon. Norge må ta ansvar for å produsere det vi har føresetnader for. Berekraft handlar om å kunne halde fram med det ein gjer utan at det rammar dei som kjem etter oss. Viss vi reduserer norsk matproduksjon betrakteleg, så vil det kunne gjere matforsyninga meir usikker. Meir import og ytterlegare reduksjon i sjølvforsyninga er lite berekraftig, seier han.

Verdi på 85 milliardar

Rapporten gir ikkje svar på kor mykje importen vil auke ved ulike scenario. Ifølgje Inderhaug er hovudregelen her i landet at dess meir vegetabilsk kosthaldet blir, dess meir går sjølvforsyninga ned.

- Nedgangen kjem an på kor stor omlegginga av kosthaldet blir. Eg har ikkje rekna på konkrete eksempel, men generelt er det slik at dess meir vegetabilsk og dess mindre animalsk, dess meir vil sjølvforsyninga gå ned, seier Inderhaug.

Inderhaug seier ei styrking av sjølvforsyninga vil kreve vidareføring av animalsk produksjon i tillegg til ein auke i produksjonen av norsk fôr og større norskdel på grønt og korn. Ein reduksjon i husdyrproduksjonen er ifølgje Inderhaug ikkje nødvendig for å ete meir norskprodusert plantekost.

- Det er ikkje nødvendig å setje husdyrproduksjonen opp mot planteproduksjonen. Vi importerer alt tre firedelar av plantekosten. Det er meir å hente på å tenke vinn-vinn. Sjølvforsyninga vil gå opp om vi styrkar norsk fôrproduksjon og jobbar for å få opp norskdelen i plantekosten, seier Inderhaug, som viser til at det for sjølvforsyninga er viktig at forbruket held seg oppe eller aukar av varer vi har gode føresetnader for å lage her i landet.

Konsekvensane av ei kosthaldsomlegging mot mindre animalsk og meir vegetabilsk kost vil ifølgje Inderhaug ramme alt frå biologisk mangfald til sysselsetting og verdiskaping i distrikta.

- Produksjonsverdien av kjøtt, egg og meierivarer er på 85 milliardar kroner i året, noko som er ein stor del av den norske fastlandsindustrien. Produksjonen er viktig for sysselsettinga og busettinga i distrikta, seier han.

Image-text:

Kosthald: Ei omlegging til meir plantebasert kost og mindre animalsk mat gir meir import og redusert sjølvforsyning, viser rapport. To tredelar av proteina vi får i oss gjennom maten kjem frå animalske varer i dag og der er ein stor del laga her i landet. På vegetabilske varer er storparten importert. Foto: Andrea Sofie Aasvang

Extra-info:

Fakta

Kjøttforbruk

Forbruket av kjøtt var reelt sett på 51,6 kg pr. pers. i 2019, ned 131 gram eller -0,3% frå året før. Det viser utrekningar som Nibio gjorde for Animalia i fjor. Mengda er korrigert for beininnhald, svinn og lagerendingar.

Det er fjerde året på rad at forbruket av kjøtt går ned. Forbruket er det lågaste sidan 2006.

Forbruket av raudt kjøtt gjekk ned 0,7 kg eller -1,9% frå året før til 39,1 kg pr. pers. og er det lågaste sidan 1999.

Raudt kjøtt utgjorde på starten av 90-talet nær 90 % av det totale kjøttforbruket. I 2019 var delen nede i 75,8 %.

Animalske varer, der kjøtt utgjer ein stor del av totalen, står for to tredelar av proteinen i kosthaldet her i landet. Der er det meste norskprodusert. Importen er langt større på vegetabilske varer som er vanskelegare å dyrke her i landet på grunn av lite matjord og kaldare klima.